

Vedlegg 3

Innspel og merknader

med vurdering og tilråding



Mottatt til varsel om oppstart 2023- Kommunedelplan byggeråstoff

Innleiing

Det blei varsla oppstart av planarbeid for kommunedelplan for byggeråstoff i november 2023. Varslingsfrist for innspel var januar 2024. Oversikten under viser 6 innspelsområde for nye ressursuttak mottatt frå næringa (v/ Mibau og Heidelberg) og enkelte grunneigar. Etter varslingsfristen var over mottok kommunen fleire merknader til innspelsområde nr 5, Jøsneset.

Innspela og merknadane er lista opp under, og kommentert kort. Sjølv originalinnspela ligg i Vedlegg 4.

Innhold

1	Innspel 1 – Frå grunneigar 27/5 – Storhogg - Jøsenfjorden	3
2	Innspel 2 – Frå grunneigar 28/6 – Vadla, Jøsenfjorden	4
3	Innspel 3 – Frå Heidelberg – Storhogg-Melandsmoen, Jøsenfjorden	5
4	Innspel 4 – Frå grunneigar 27/1, Østerhus, Jøsenfjorden	6
5	Innspel 5 – Frå Mibau (tidl Norsk Stein) - Knutsvikheia	8
5.1	Merknader til innspelet	8
5.1.1	Kristian Ringgaard Zweidorff	9
5.1.2	Arild Fosså, Kjellaug Bakkedal, Helge Erge på vegne av hytteeigarar Knutsvik/Øygarden.	9
5.1.3	Arild Fosså og Torhild Brekke på vegne av hytteeigarar Norda Knutsvik/Øygarden	9
5.1.4	Ragnvald Riis, på vegne av hytteeigarar i Kleiva, Fuglestein i Suldal kommune	9
5.1.5	Kjetil Mjelde Hagevold	9
5.1.6	Arild Fosså , på vegne av hytteeigarar i Knutsvikområdet	10
5.1.7	Tom Steffen Simenstad - på vegne av hyttene i Nordra Knutsvik/Øygardområdet	10
5.1.8	Finn R og Elisabeth M Olsen – på vegne av hyttene i Nordra Knutsvik/Øygarden	10
5.1.9.	Underskriftskampanje med 344 underskrifter – mot pukkverk Jøsneset	10
6	Innspel 6 – Årdal – mange eigedomar – 3 teigar	13

1 Innspel 1 – Frå grunneigar 27/5 – Storhogg- Jøsenfjorden


Stad: Jøsenfjorden

Innsendar: Tore Geir og Berit Sjøvik Østerhus

Gbnr. 27/5

Råstofftype: sand og grus

Gjennomført KU: Ja, på delar av området er det sendt inn KU og naturrapport frå Heidelberg.



Utdrag frå innspelet frå grunneigar:

«Garden vår består av 17 mål dyrka mark, resten av eigedommen er beite og utmark. Vi har ein driftsbygning som blir brukt til sau, eit folgehus som ft er ubebudd og eit gardshus der vi bur sjølv. Eit masseuttak ser vi som ein fordel som vil gje eit betre utgangspunkt for neste generasjon når dei ein gang skal overta.

Vi vel framleis å ha med det utvida områdekartet, i tilfelle det på sikt er bruk for eit større uttaksområde enn det som er avtalt med Norstone pr i dag. Området på Moane, grensande mot Moen og Austheim, har vore inne i tidlegare kommuneplanar, og vart då ikkje sett på som kontroversielt. Vi tar det derfor med også i dette innspelet. Områdekart der framlegg til uttaksområde er teikna inn, blir sendt som vedlegg. Lilla felt markerer områda for masseuttak»

KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING OG TILRÅDING:

Innspel 1 gjeld to ulike delområde på garden 27/5, sjå kart over. Den søndre delen har òg Heidelberg Materials AS sendt inn innspel på (sjå innspel 3 under), altså areal med «overlappende» innspel. Difor er konsekvensutgreiinga av innspel 1 delt i to.

Vurdering av nordre del: Relativt få store konflikhtar knytt til innspelsområdet. Men kunnskapen om ressursen er avgrensa, og truleg lokal karakter. Heidelberg Materials har ikkje fremja innspel om uttak på denne del av garden, som kan tyde på at ressursen er av lokal karakter. Ein tilrår likevel å ta innspelsområdet (dvs nordre del av innspel 1) med vidare i planarbeidet, men ikkje heile den kartlagde ressursen; då konfliktpotensiale då blir større.

Vurdering av søndre del:

Her har både grunneigar av 27/5 og Heidelberg materials kome med innspel + nabo i vest har kome med innspel på tilgrensande areal. Konsekvensutgreiingar viser at det vil bli utfordringar knytt til uttak her, td av omsyn til bumiljø, naturmangfald, grunnforhold.

Men ettersom denne søndre delen er vurdert som ein godt eigna ressurs, og det er kome eit konkret innspel om uttak både frå Heidelberg Materials og grunneigar, tilrår ein å gå vidare med denne delen i planarbeidet. Kommunedirektøren legg til grunn at det i det vidare planarbeidet må vurderast tilpassingar/tiltak for å avgrense ulemper.

2 Innspel 2 – Frå grunneigar 28/6 – Vadla, Jøsenfjorden

Stad: Jøsenfjorden


Innsendar: Jone Vermund Vadla

Gnr/bnr. 28/1,6

Råstofftype: sand og grus

Gjennomført KU: nei, kun på den delen som er samanfallande med Heidelberg sitt innspel nr 3.

Grunneigar stiller områda til disposisjon for masseuttak, og ønskjer samstundes om at fjell også blir en del av uttaket.



KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING OG TILRÅDING:

Innspelet er delt i to ulike delområde på 28/1, garden Vadla/Jøsenfjorden.

Den vestre delen er den største og inkluderer tunet på garden Vadla. Pr i dag driv Heidelberg materials AS pågåande masseuttak i delar av området, dvs innanfor allereie regulert masseuttaksområde, R 126 Vadla- Lundanset, nord for den kommunale Melandsmovegen. Ca 60 daa av innspelsområdet i vest er allereie regulert til masseuttak, og er såleis irrelevant å vurdere her. Dessutan har Heidelberg Materials hausten 2024 varsla ei endring av denne reguleringsplanen som m.a går ut på å redusere masseuttaksområdet med ca 14 daa, pga mangel på masse. Endring

medfører m.a. at det ikkje blir behov for å leggje om Melandsmovegen slik gjeldande reguleringsplan eigentleg legg opp til. Den gjenværande del av vestre innspelsområde er konfliktfylt å ta ut, både fordi arealet ligg sentralt i bygda, konfliktfullt ift bumiljø og landskap, heile tunet inngår, det er automatisk freda kulturminne og risikoforhold. Dette, sett opp mot at restressursen er avgrensa, gjer at ein ikkje tilrår å gå vidare med vestre del av innspelsområdet. Forøvrig blei det arealet i vest som ikkje er regulert til masseuttak, òg vurdert både i samband med reguleringsplanarbeidet for R124 i 2006-2009, men tatt ut pga konfliktfylt. Kom heller ikkje inn i Regionalplan byggeråstoff vedtatt 2013.

Den austre delen ligg nordaust for bustadfeltet Melandsmoen. Delar av innspelsområdet her er samanfallande med Heidelberg Materials sitt innspel nr 3, sjå vurdering av dette. I avgrensinga frå grunneigar vil eit bustad på gnr 28/3 bli liggjande tett inne i innspelsområdet (omslutta av uttaksområdet) og dermed svært konfliktfylt. Avgrensinga til Heidelberg i innspel 3 er litt meir moderat, der uttaksområdet er trekt lengre nord frå bustaden. Men framleis konfliktfylt ift denne bustaden. Det vil vere utfordringar knytt til uttak her: pga bumiljø, og òg ift andre forhold som td naturmangfald, grunnforhold, nærleik til planlagd hyttefelt (ikkje utbygd) m.a. Men det er ein godt eigna ressurs der det er kome konkret innspel både får grunneigar og Heidelberg. Det er mogleg det kan gjerast tilpassingar/tiltak for å avgrense ulemper. Ein tilrår å gå vidare med den nordlegaste del av dette delområde, dvs den del av grunneigaren si avgrensing som fell saman med Heidelberg si avgrensing i innspel 3.


3 Innspel 3 – Frå Heidelberg – Storhogg-Melandsmoen, Jøsenfjorden

Stad: Jøsenfjorden Innsendar: Asplan Viak på vegne av Heidelberg Materials (tidlegare Norstone)

Gnr/bnr: 28/1, 6, 27/1,5,7

Råstofftype: sand og grus

Gjennomført KU: Ja, v/Asplan Viak på vegne av Heidelberg materials



KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING OG TILRÅDING:

Innspel 3 er vist i kart over og er eit uttaksområde som er del i to av elva Kvednåna. Øvre del av uttaksområdet ligg på 28/6, og grunneigar her ønskjer uttak, sjå innspel 2 over. Nedre del ligg på to gardsbruk: Grunneigar på 27/5 har sendt inn innspel som omfattar både eigen del og del av nabobruk 27/1, ned mot vegen/mot dei tre bustadhusa.

Den grove konsekvensutgreiinga viser at det vil vere utfordringar knytt til uttak her, mellom anna pga tett på eksisterande bustader/bumiljø, naturmangfald, grunnforhold, landskapsmessige endringar.


Men i følge NGU er dette ein godt eigna ressurs, og det er kome eit konkret innspel både frå Heidelberg materials og grunneigarar. Det er relevant å få meir kunnskap både om ressursen og uttaksmoglegheiter, og truleg at det kan gjerast tilpassingar/tiltak for å avgrense ulemper eller moderere inngrepa. Ein tilrår å gå vidare med innspel 3 i planarbeidet.

Det er ikkje kome merknader/protestar til innspelsområdet frå andre.

4 Innspel 4 – Frå grunneigar 27/1, Østerhus, Jøsenfjorden

Stad: Jøsenfjorden Innsendar: Eivind Selvikvåg
Gnr/bnr. 27/1, Østerhus
Råstofftype: pukk

Gjennomført KU: nei. Innspelet gjeld del av 27/1 i Jøsenfjorden, kor det i dag er eit pågåande masseuttak. Ynskjer å utvide området og inkludera uttak frå fjell.



KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING OG TILRÅDING:

Dette innspelsområdet, som primært gjeld uttak av fast fjell, ligg like nord for pågåande uttaksområde for sand og grus. Det er grunneigar som kjem med innspelet, men det er ikkje lagt ved konsekvensutgreiing, informasjon om ressursen eller moglege uttaksplanar. Arealet blei ikkje vurdert i regionalplan for byggeråstoff Ryfylke, vedtatt 2013.

Innspelet er relativt omfattande; ca 320 daa, opp mot 230 m høg/markant ås som er eksponert frå fjorden og bygda. Uttak av denne vil nok medføre ein del konfliktpotensiale, td ift landskapsinngrep og nærmiljø. Natur er ikkje kartlagd, så det er ukjent kva konsekvens det kan ha, men uttak av pukk gjev varig sår/inngrep. Også uklart i forhold til etterbruk av arealet. Arealet inngår ikkje i NGU si ressurskartlegging, og ein veit derfor ingenting om ressursen, verdisetjing og evt ift kva den er eigna til. Det er heller ikkje levert anna, ny dokumentasjon på ressursen og heller ingen andre innspel om uttak her. **Ein tilrår å ikkje ta den med i det vidare planarbeidet.**

5 Innspel 5 – Frå Mibau (tidl Norsk Stein)- Knutsvikheia

Stad: Jøsneset, Knutsvikheia - Morka

Innsendar: Mibau Stema AS (tidlegare Norsk Stein AS)

Omfattar delar av fleire gnr/bnr: gnr 12 bnr 1 og 2, gnr 13 bnr 1,2,7 og gnr 15 bnr 1,6,7 og 8

Råstofftype: pukk

Gjennomført KU: Ja, enkel, innlevert av Mibau AS



Utdrag frå Mibau (Norsk Stein) sitt innspel: Innspelsområdet er ca 1300 daa, og strekk seg frå sjønivå i nord Ervord opp mot høgdekoter 270 moh. Estimert uttak 150 000 m³, tidshorisont 50 år avhengig av uttaksstorleik og produksjonsgrunnlag. Massane er ifl Mibau eigna for tilslag betong, asfalt, jernbane og offshore.

Mibau Stema AS avheldt folkemøte på Jøsneset om innspelet 3.10.2024. Der orienterte Mibau litt om innspelet, og kommunen informerte litt om planprosessen. Ein har ikkje referat frå møtet. Det var godt frammøte både av fastbuande og fritidsbuande.

5.1 Merknader til innspelet

Det er kome mange merknader/protestar til Mibau sitt innspel på Jøsneset. Desse er kort lista opp under. Nokre av innsendarane representerer seg sjølv. Andre innsendarar opplyser at dei representerer fleire, anten definerte/opplista eigedommar og/eller meir generelt «hytteeigarar Knutsvik/Øygarden». Det er ikkje lagt ved underskrifter frå dei enkelte hytteeigarar i desse fellesinnspela.

Merknadane er kun kort lista opp i stikkordsform her. Ein viser til vedlagde originalar for meir informasjon om den enkelte merknad.

5.1.1 Kristian Ringgaard Zweidorff

Påpeiker at kommunen må sikre sin og felleskapet sin andel av lønnsomhet i form av økonomi, arbeidsplassar og oppdrag. Men samstundes må kommune hindre negative konsekvensar ift forringing av natur, helse, livskvalitet, trivsel. Har difor fleire spørsmål kring konsekvensutgreiing, nivå og vurderingstema i forhold til miljø, landskap og samfunn

5.1.2 Arild Fosså, Kjellaug Bakkedal, Helge Erge på vegne av hytteeigarar Knutsvik/Øygarden

Innsendarane opplyser sjølv at innspelet er sendt inn på vegne av hyttene utskilt fra Grn 13, Bnr 2, Gnr 12, Bnr 1 og Gnr 12, Bnr 2.

På grunnlag av informasjon henta frå ulike kjelder, uttrykker de bekymring for ulike tema:

Bekymra for : Vann/vannforsyning, brønnvannforsyning og bekke drag

Bekymra for: Helse- og miljøskadeleg kvartsstøv, steinprøvar frå området inneheld 32 % kvarts, kvartsstøv er kreftframkallande.

Bekymra for: stein/jordskred på ein ev framtidig veg inn Morkjaskaret

Bekymra for: fire turstiar bi bli rasert, friluftslivsområde Herefjell/NordaHøgaste berørt.

5.1.3 Arild Fosså og Torhild Brekke på vegne av hytteeigarar Norda Knutsvik/Øygarden

Innsendarane opplyser at innspelet er sendt inn på vegne av hyttene i Øygardområdet og i Nordra-Knutsvik.

Bekymra for: gyteområde torsk utanfor Morkjå, sukkertarefelt, livet og aktiviteten i fjorden

Bekymra for: naturpåverknaden som myr, skog, dyr, landskap, fugl, fisk, standsone, landbruksdrift

5.1.4 Ragnvald Riis, på vegne av hytteeigarar i Kleiva, Fuglestein i Suldal kommune

Innsendar opplyser at han representerer 12 hytteeigarar på nordsida av fjorden.

Bekymra for: kreftframkallande kvartsstøv/helsefare som følge av steinuttak

5.1.5 Kjetil Mjelde Hagevold

Bekymra for: landskapet, naturen fiskeplassane, primærnæringa/landbruket, miljøkonsekvensane, helsefaren mm. Innspelet er identisk med lesarinnlegg med overskrifta «Solbygda Jøsneset, i Hjelmeland naturlegvis». Ber politikarane stanse Mibau sine uttaksplanar

5.1.6 Arild Fosså , på vegne av hytteeigarar i Knutsvikområdet

Innsendarane opplyser at innspelet er sendt inn på vegne av hyttene utskilt fra Grn 13, Bnr 2, Gnr 12, Bnr 1 og Gnr 12, Bnr 2.

Innspel om måloppnåing: Meiner det er ein logisk brist i ift verdivurdering av ressursen; *Eksport av ca. 95% av alt uttak i Morka bommer på målet som er Nasjonal Viktighet (mao. for Norge – ikke Tyskland)».*

5.1.7 Tom Steffen Simenstad - på vegne av hyttene i Nordra Knutsvik/Øygardområdet

Innsendar opplyser at han er grunneigar av 12/43 og sender på vegne av hyttene i området. Han har sendt inn to skriv.

Bekymra for:

- Landskap og kulturminne: Hjelmeland Kommune bør være ytterst forsiktige med hvilke tiltak og inngrep det gis tillatelse til i et område som er så rikt på automatisk fredete kulturminner
- Naturverdiar: i området er det fleire myrar som er viktige naturområde. Ethvert inngrep i naturtypen myr og våtmark vil ha store konsekvenser for rødlistede arter og medføre betydelige utslipp av klimagasser.

5.1.8 Finn R og Elisabeth M Olsen – på vegne av hyttene i Nordra Knutsvik/Øygarden

Innsendar opplyser at de er grunneigarar av 12/51 og sender på vegne av hyttene i området.

Bekymra for: konflikt hytter - steinbrot pga nærleik, støy/boring, sprenging o.a støykilder, svevestøv, vannforsyning, naturområde med dyreliv, våtmark/myr, tur/rekreasjon, fortidsminner, sjø, slam, avrenning til sjø/bekker, tilkomstveg gjennom bygda, verditap eiendom

5.1.9. Underskriftskampanje med 344 underskrifter – mot pukkverk Jøsneset

Underskriftsaksjon via underskrift.no med tittelen “Stopp steinpukkverk på Jøsneset” v/ Sissel Hagevold Tveit, eigar av 12/38 . Per 11.01.25 har aksjonen 344 underskrifter, som ligg vedlagd.

Hagevold opplyser: «Underskriftene viser at 344 personer med tilknytning til stedet sier et klart og tydelig nei til innspillet til Mibau Stema om å bygge steinpukkverk på Jøsneset. Vi ber om at disse stemmene blir hørt, og at planene om steinpukkverk på Jøsneset stoppes». Grunngeving ift natur/naturmangfald, rekreasjonsområde, støy, forureining/steinstøv, livet i sjøen.


KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING OG TILRÅDING:

Mibau Stema AS sitt innspel om steinbrot er stort i omfang, og ei etablering her vil opne opp industridrift i eit heilt nytt, relativt urørt område. Kommunen har pr nå lite opplysningar om driftsmessige forhold, både i forhold til reelt omfang, uttaksmetodikk, logistikk, etterbruk, ringverknader osv. I denne aller første fase av ei eventuell planavklaring er òg ressurskunnskapen relativt liten, basert på nokre prøvestikk i området og vurderingar av NGU. NGU verdsett området av nasjonal verdi, noko som tel mykje i ei totalvurdering. Denne type industrietablering i denne delen av kommunen er òg nytt. Det er marginal landbruksdrift innanfor området, hovudsakleg beite, elles er området lite påverka. Det går ein enkel landbruksveg i sør-nord-retning gjennom området ned til Morka (fråflytta bruk) og sjøen (Erfjord). Grieg Seafood har eit oppdrettsanlegg i fjorden like innanfor. Sjøarealet her i Morkavika er i kommuneplanen prioritert til tradisjonelt fiske (kaste-og låssettingsplass/sitjenot). Ut over det er det ikkje gjennom kommuneplanens arealdel avdekkja utbygging- eller næringspress på dette området.

Uttaksområdet ligg heilt ytterst på neset, heilt nordvest i bygda Jøsneset. Dersom det reelle uttaket blir så stort og går så høgt opp i terrenget som avgrensinga av innspelet viser, vil det utvilsomt bli eit stort og varig naturinngrep som vil ha store landskapskonsekvensar. Kva som kan gjerast av eventuelle tilpassingar, reduksjonar, konfliktavdemping oa er ikkje kjent.

Mibau opplyser at all utskiping av masse skal skje via utskipingskai på nordsida, Erfjord. Det er lite opplysningar om behov for infrastruktur elles. Men det er nok truleg at eit uttak av slikt omfang medføre auka trafikk/ behov for oppgradering av eksisterande fylkesveg på strekninga Nesvik-Knutsvik, ca 4 km , og etablering av ny tilkomstveg til brotområdet frå landsida.

Det er kome **svært mange merknader til innspelet** frå Mibau, både muntleg på folkemøtet som var på Jøsneset Grendahus i okt 24, og òg skriftleg til kommunen. Det er sendt inn fleire merknadskriv, både frå enkeltpersonar/grupperingar, der innsendar skriv at de uttalar seg på vegne av «*hytteeigarar i Knutsvik/Øygarden-området*». Det er òg sendt inn ein underskriftskampanje med 344 underskrifter, som går imot uttaksplanar her-



Det er over 120 hytter totalt på Jøsneset. Hovudkonsentrasjonen av hyttene, dvs ca 70 stk er lokalisert i Knutsvik/ Øygarden-området

I merknadane som er mottatt er det uttrykt bekymring for mange forhold knytt til ei eventuell steinbrotsdrift her; landskap, miljø, naturverdiar, rekreasjon/friluftsliv, anna næringsdrift, livet på land/sjø, støy, støv, trafikk osv. **Viser til originalskriva.**

Kommunedirektøren er enig i at det er mykje usikkerheit knytt til uttaksplanane på dette tidspunkt. Ein forstår dermed òg bekymringa knytt til eventuelle konsekvensar av uttak av eit slikt omfang, spesielt sidan det heller ikkje er mykje informasjon om driftsmessige tilhøve (omfang, inngrepsrad, trafikk, støy osv). I dette området er det heller ikkje foreteke naturkartlegging, og dermed har ein lite fakta og kunnskap om naturverdiar i området. Ein kan ikkje, og skal ikkje, opne opp for uttak i område med så lite kunnskap. Den grove/overordna konsekvensutgreiinga er utført på grunnlag av kartlagd informasjon, og viser at konfliktpotensialet kan vere stort, samstundes som det her er mange ukjente faktorar. Før ein gjennom planprosessen kan gi eit tydeleg svar, må det ligge føre meir kunnskap både om ressursen, driftsforhold og andre verdiar i området.

Det er relativt prinsipielt og stor avgjerd å opne opp for eit så stort steinbrot i eit nytt område utan meir kunnskap enn det ein har pr i dag. Ettersom ein har så lite kunnskap, har ein heller ikkje nok grunnlag til å vurdere moglege konsekvensar. Ein kan heller ikkje vurdere mogleg etterbruk, behov for ny infrastruktur osv. Området blei ikkje vurdert i Regionalplan for byggeråstoff Ryfylke, vedtatt i 2013, og har heller ikkje vore aktuelt utvinningsområde i tidlegare kommuneplanar.

Ettersom ressursen er vurdert som nasjonalt viktig og det føreligg eit konkret innspel, tilrår ein likevel førebels å gå vidare med lokaliteten, nettopp for å få meir kunnskap og nærare utgreingar som beslutningsgrunnlag.

6 Innspel 6 – Årdal – mange eigedomar – 3 teigar

Stad: Årdal Innsendar: Asplan Viak ved Heidelberg Materials

Gnr/bnr: Innspelet er delt i 3 delområde, og omfattar delar av fleire gnr på Mele (gnr 100, 101) Sedbergsmoen (gnr 104, 105, 106) og Tjentland (gnr 137/1,3) . Dvs innspelet berører mange grunneigar.

Område 1 og 2 ligg sentralt i Årdalsbygda, nært til butikk, skule/barnehage, kyrkje/bedehus, bustader

Råstofftype: sand og grus

Gjennomført KU: ja, utført av Asplan Viak på vegne av Heidelberg Materials.



KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING OG TILRÅDING:

Dette er eit stort og omfattande innspel, som er del av tre delområde, der delområde 1-2 ligg svært sentralt i Årdalsbygda. Dette er område som òg tidlegare er spelt inn som moglege uttaksområde, td ifm tidlegare revisjon av kommuneplanens arealdel 2019, då kun vestre del av innspelsområde 1 blei lagt inn i arealdelen. I konsekvensutgreiinga utført av kommunen er det gjort ei utgreiing av kvart delområde. Alle uttaksområda har høgt konfliktnivå, både pga omfang, lokalisering og andre verdier. Samstundes er dette ressursområde med relativt høg verdi reint ressursmessig: god ressurs kombinert med kort transportveg til etablert utskipingsområde.

Kommunedirektøren finn det relativt konfliktfylt å gå vidare med innspelsområde 2 og 3, og òg innspelsområde 1 er konfliktfylt mellom anna pga lokalisering.

Vestre del av delområde 1 ligg allereie inne i kommuneplanens arealdel RS10 Mele, så den del er relevant å vidareføre. Sjølv om ein vurderer det som at det er ein god del konfliktpotensiale her, finn ein det likevel relevant å ta med austre del av delområde 1 på Mele vidare i planarbeidet. På den måten kan ein tileigne meir kunnskap både om ressursen og andre verdiar og interesser i området.

For delområde 2 og 3 viser ein til Vedlegg 5 – KU, konsekvensutgreiing, og oppsummering der. Begge har høgt konfliktpotensiale ift bumiljø, kulturminne, landskap, naturverdiar oa, og ein tilrår å ikkje ta de med i det vidare planarbeidet.

Eit alternativ kan vere å vurdere områda som omsynssone i kommuneplanens arealdel, slik at ein sikrar ressursane frå ytterlegare nedbygging.